

REFERAT ÅRSMØTE 25. og 26. FEBRUAR 2012

Leiar Inger Johanne Tafjord ønske møtelyden, gjester, foredragshaldarar velkomne.

Møteleiar: Arnfinn Lien og Olav Sørstrand. Referent: Sekretær i fylkesstyret.

Sakliste:

Opprop av utsendingar

Lag	Navn	Uts.
Aure sau og Geit		0
Blåfjella Sau og Geit	Johannes Valsø	1
Eide Sau og Geit		0
Eidsdal Nordal Sau og Geit	Øystein Klempe	1
Fræna Sau og Geit	Ronald Slemmen	3
Fræna Sau og Geit	Ivar Egil Sandbløst	
Fræna Sau og Geit	Evy Helen Moen	
Geiranger Sau og Geit		0
Gjemnes Sau og Geit	Nils N. Engdal	1
Halsa Sau og Geit *		
Haram Sau og Geit	Jan Ove Stene	2
Haram Sau og Geit	Siv Stene	
Hareid/Ulstein Sau og Geit	Olav Lyngje	1
Herøy Sau og Geit	Atle Bakken	1
Isfjorden Sau og Geit	Linda Vik	1
Neset Sau og Geit	Harald Wahlstrøm	1
Nordre Vartal Sau og Geit		0
Rindal Sau og Geit	Svein Skjølvold	2
Rindal Sau og Geit	Marit Haltli	
Rødvendalen Sau og Geit	Odd Inge Sande	1
Smøla Sau og Geit	Svein Roksvåg	2
Smøla Sau og Geit	Eli Torgnes	
Stordal Sau og Geit	Johan Bernt Øvrebust	1
Stranda Sau og Geit	Lillian Sylte Gjerde	2
Stranda Sau og Geit	Hege Viddal	
Sunnadal Sau og Geit	Eystein Opdøl	1
Sunnylven Sau og Geit	Astrid T. Dyrkorn	2
Sunnylven Sau og Geit	Kjell Arne Dyrkorn	
Surnadal Sau og Geit	Solmund Solstad	2
Surnadal Sau og Geit	Eirik Sæterbø	
Sykkylven Sau og Geit	Arnt Ove Aure	1
Tingvoll Sau og Geit		0
Tresfjord Sau og Geit		0
Valldal/Fjøra Sau og Geit	Jarle Hauge	1
Valsøyfjord Sau og Geit *		
Vannylven Sau og Geit	Audun Kvalsvik	2
Vannylven Sau og Geit	Atle Arnesen	
Verma Sau og Geit		0
Vestnes Sau og Geit	Kjell Ove Liabø	1
Vestre Rauma Sau og Geit		0
Vistdal Sau og Geit		0
Volda Sau og Geit	Erlend Helset	1
Ørskog Sau og Geit		0
Ørsta Sau og Geit	Odd Bjarne Bjørdal	1

Andre	
Fylkesstyret	Arnfinn Ottar Lien
Fylkesstyret	Inger-Johanne Tafjord
Fylkesstyret	Olav Sørstrand
Fylkesstyret	Solfrid Holm
Fylkesstyret	Synnøve Kjellstad
Kasserer	John Folde Engdal
Avlsutvalg sau	Atle Moen
Geiter i Vekst	Ola Søgnesand
Tine	Helga Kvamsås
Nortura	Johannes Nedrebø
Gjensidige	Knut Bertil Øygard
M&R Gjetarhundlag	rep. ved utsending Odd Bjarne Bjørdal frå Ørsta
Norsk Pelssaulag	Atle Arnesen -ut. frå Vanylven
Norsk Pelssaulag	Evy Solli
Andre representantar:	
Fræna Sau og Geit	Lisbeth Hollingsholm
Stordal Sau og Geit	Hilde Rødset
Vestnes Sau og Geit	Anne Liabø
Innbedne gjestar:	
Beste bukk	Tor Lie - repr. ved Astrid T. Dyrkorn, Sunnylven
Beste vèr	Marit Hatli - uts. frå Rindal
Beste hund	Atle Molvær - repr. ved Atle Arnesen, Vanylven

* oppretta nytt lag Blåfjella Sau og Geit januar 2012

Tal røysteføre: 32. Totalt er det 53 røysteføre i laget. 24 av 34 lokallag var representert.

Leiaren sine ytringar

Starta med stortingsmelding nr 9, innom fleire tema: matproduksjon, forsituasjon, rovvilt, beite tillitsvalgt, inaktive lag og tilslutt medlemstalet som viser stor nedgang siste 10år.-

Likevel ikkje pessismist. Heile helsinga er lagt ved i referatet, sjå side 8-11.

Kommentar Svein Skjølvold: beitebruksplanar er eit viktig tema samt kostbart å utarbeide.

Godkjenning av innkallinga:

Godkjent uten merknader.

Valg av 2 til å skrive under protokollen:

Johannes Valsø og Johan Bernt Øvrebust einstemmig

Gjennomgang av årsmeldinga:

Inger Johanne las styret si årsmelding.

Spørsmål vedrørende punkt 14 om når dette var/er planlagt.

Kva vert arbeid med opp mot passive lag.

Bruk e-post meir istadenfor brev – rimeligare

Send e-post til lokallagsleiarane når noko ”nytt” vert lagt ut på heimesida

Atle Moen presenterte årsmeldinga til region Midt.

Spørsmål vedrørende avlsarbeid mot ”ikkje ring” områder

Sauekontrollen – arbeide for høgare oppslutning

Avlsarbeidet er no kun retta mot ringane – Kva med resten av avlsarbeidande bønder.

Avlsframgang - mykje positivt også i sauehaldet.

Stor avstand mellom NSG og avl i dag – fylkesnivå / lokalalgsnivå.

Åshild Melkeraen gjekk igjennom organisert beitebruk/beiteprosjektet.

I tillegg minte ho oss på at beitelaga ikkje må samle på beitetilskota, pengane skal brukast etterkvart. NB % lammetap fordelt på fylke 2011 side 28 i årsmeldinga er feil, den rette er vedlagt her, sjå siste side 12.

Det er under utarbeidelse eit informasjonskriv vedrørende omregistrering av beitelaga frå BA til SA eller forening/organisasjon.

Solfrid Holm las årsmeldinga for rovviltsaker.

Korrigerer yngling av jerv: Det vart påvist 5 ynglinger av jerv i 2011.

Referat frå fagtur er òg lagt ut på Møre og Romsdal sine nettsider. www.nsg.no/mrsg/

I 2011 har det vore mykje tap – mest truleg forårsaka av rovdyr – men som alveldig fekk skulda for. Vi håpar på bedre dialog i framtida.

Åshild Melkeraaen orienterte vedrørende erstatningsoppjøret for freda rovvilt.

Det er lagt fram klager for å få erstatta det som ein meiner er rovdyrskader.
Viktig med fokus på kadaverhund for å finne kadaver, opplæring er i gang.
Kommentar Jarle Hauge: Rovvilt er viktig, trur alle vert ramma på sikt, problema vil forflytte seg etterkvart som sauene òg flyttar seg.

Etter pausen las Odd Bjarne Bjørdal årsmeldinga til Møre og Romsdal Gjetarhundlag.

Kommentar frå Atle Arnesen: Organisasjone Sau og Geit femnar om 3 husdyrslag, sau, geit og gjetarhund. Viktig at vi støttar opp om gjetarhundarbeidet.
Oppfordring om å bli med – god aktivitet – positivt – sosialt – godt miljø.

Olav Sørstrand viste til årsmeldingane frå lokallaga og oppfordra alle om å sende inn årsmelding samt informasjon om styresamansetning.

Etterlyste skjema for dette, tidlegare vart dette tilsendt alle lokallag i lag med medlemslistene.

Jan Ove Stene etterlyste dette i år og fekk tilsendt dette på mail, samt elektronisk medlemsliste (frå NSG sentralt).

Nokre hadde ikkje sendt inn årsmeldinga for dei hadde ikkje fått beskjed om dette i år. Saka sjekkast ut av fylkesstyret/sekretæren slik at vi har dette i orden til neste årsmøte.

John Folde Engdal presenterte rekneskapen for MRSG som viser eit overskot på kr. 7912

Spørsmål vedrørende arbeidsgiveravgift – berekning.

Geit (inntekt) = etterbetaling av utgifter MRSG har hatt tidligare

Avklaring rundt sekretærgodtgjerdsla, der det går fram at tidlegare sekretær skulle etterbetalas for arbeid utført i 2010 (sjå årsmøtereferat 2011).

John fortsatte med rekneskapen for Radiobjølleprosjektet.

Er i dialog med Telespor om rekningar for ”ubrukbare” abonnement på radiobjøller samt for ”ubrukbare” lammenoder.

Viktig at alle rapporterer når bjøllene ikkje virker eller er mist på beite, slik at abonnementet kan seiast opp hos Telespor.

Spørsmål vedrørende momsrekneskap.

Kostnader frå MRSG er møtegodtgjerdsla der fylkesstyret har vore representert.

Rekneskapen er revidert og funne i orden.



Møre og Romsdal Sau og Geit



Budsjett (lagt fram og redigert av John)

Medlemskontingenten frå NSG til fylkeslaga er auka med kr 50,- per medlem, men ventar noko nedgang i medlemstal, inntekter justeres opp med kr 30 000,-

Odd Bjarne Bjørdal: forslag om å auke potten til Gjetarhund med kr 5 000,- Dette vart einstemming vedteke.

Geit aukas med kr 10 000,- da utgiften er høgare enn Geiter i vekst prosjektet

Annet: rekning frå MRGL kr 7 500,- (avtale frå 2011, fakturaen er datert 2012)

Sponsorinntekter kr 25 000,- realistisk, har mange annonsørar til nettsidene våre.

Vedteke budsjett MRSG

År	Regnskap 2011	Budsjett framlegg	Endring årsmøte	Budsjett 2012
Inntekter				
Medlemskont. NSG	160 175,00	160 000,00	30 000,00	190 000,00
Geit	30 000,00			
Sponsor	5 000,00	25 000,00		25 000,00
Renter	7 768,73	5 000,00		5 000,00
	202 943,73	190 000,00		220 000,00
Kostnader				
Arbeidsgiveravgift	5 130,00	4 600,00		4 600,00
Møtegodtgørsle	40 500,00	50 000,00		50 000,00
Ledermøte		20 000,00		20 000,00
Regionale fagmøter		15 000,00		15 000,00
Styremøter	24 426,60	16 000,00		16 000,00
Kontorrek. / tlf / porto				
Godtj. leder	15 000,00	15 000,00		15 000,00
Godtj. Sekretær	20 000,00	10 000,00		10 000,00
Godtj. kasserer	6 000,00	6 000,00		6 000,00
Godtj. styremedl.	3 000,00	3 000,00		3 000,00
Godtj andre tillitsvalgte	3 000,00	1 000,00		1 000,00
Gjeterhund	5 000,00	5 000,00	5 000,00	10 000,00
Årsmld / hjemmeside	4 305,00			
Årsmøte	31 198,50	38 000,00		38 000,00
Gaver / premier	4 354,00	3 500,00		3 500,00
Gebyr	102,00	100,00		100,00
Rovdyrtiltak	2 194,00	5 000,00		5 000,00
Geit	21 608,20	10 000,00	10 000,00	20 000,00
Annet	9 213,00		7 500,00	7 500,00
SUM	195 031,30	202 200,00	22 500,00	224 700,00
Overskudd	7 912,43			
Underskudd		12 200,00		4 700,00

Budsjettet vart godkjend utan fleire merknader.
Etter pause: Årsmeldinga og rekneskap godkjend.

Atle Bakken la fram innstillinga frå valnemnda.

Representantane på valg har stilt seg viljuge til å fortsette og det har ikkje vore kandidatar som har vore viljuge til å stille som motkandidatar dette året.

Leiar for 1 år: Inger Johanne Tafjord (attval 23 stemmer, 9 blanke)

Styremedlemmer for 2 år:

Solfrid Holm (attval 26 stemmer, 6 blanke)

Olav Sørstrand (attval 29 stemmer, 3blanke)

Styremedlemmer ikkje på val:

Arnfinn Ottar Lien

Synnøve Kjellstad

Vara for 1 år:

1.vara Astrid Tronstad Dyrkorn (attval)

2.vara Arnfinn Sandøy (attval)

3.vara Helga Krangenes (attval)

Alle attvalde ved akklamasjon

Revisorar for 1 år:

Ivar Vullum , Halsanaustan (attval)

Lars Indreiten, Halsanaustan (attval)

Vara:

Asbjørn Heggem, Halsanaustan (attval)

Alle attvalde ved akklamasjon

Valnemnda ikkje på val

Ståle Mordal leiar 2013

Sidsel Ramsøy 2013, 2014

Atle Bakken går ut etter 3 år.

Ny medlem i valnemnda: Lillian Sylte Gjerde 2013, 2014 og 2015

Oppfordring til valnemnda om å kontakte alle lokallaga med forespørsel om kandidatar til ulike verv. Gjerne via epost eller evt. på nettsida.

Årsmøtesakene var no ferdige og vi gjekk vidare på programmet.

Knut Arild Øygard frå Gjensidige Nordmøre og Romsdal med innslag frå Gjensidige.

Tema var: Kva vil vi forsikre som bønder, trur Gjensidige

Var innom hus, skog og egenforsikring samt litt om ulik praksis mellom Sunnmøre og

Nordmøre / Romsdal.

Etter lunsj, såg vi at tidsskjemaet ville sprekke.

Atle Arnesen heldt eit engasjert innlegg om pelssauen.

Han viste døme på at pelssauen kjem bedre ut økonomisk, enn den NKS sauen som vert avla fram idag.

Atle hadde med seg skinn som vi kunne fekk sjå og vurdere. I tillegg viste Evy Solli fram bearbeidde skinn i ulike variantar. Skulle sjølvsagt hatt mykje bedre tid til å få studert skinna, men vi fekk i alle fall eit godt inntrykk på kva pelssauen kan bidra med.

Johannes Nedrebø, rådgiver småfe/gris ved Nortura Førde, presenterte Nortura.

Tema: Vårt anlegg som er Førde.

Vi fekk ein gjennomgang av arbeidsoppgåvene på eit slakteri, samt litt om framtidfabrikken med nyinvesteringar som er i gang og som er planlagt. Fekk også ei påminning om formålet med Nortura for oss som bønder.

Spørsmål om kvifor fettgruppe 3 no er rekna som kvalitetsprodukt, samt problemer med transport av ”returslakt” – ofte kjem disse kun til Ålesund - ordne transport vidare sjølv.

Helga Kvamsås orienterte frå Tine Vest.

Helga gjekk igjennom siste nytt trå Tine. Ho har spesialkompetanse på geit, lang erfaring, særskilt med mjølke kvalitet og føring av mjølkegeit samt føring av kje og unggeiter.

Tal medlemmar i geitkontrollen går litt ned, men talet årsgeiter stig.

Skryt til Møre og Romsdal for høgast andel kåra bukkar med genstatus 5.

Ola Søgnesand orienterte om prosjektet Geiter i vekst.

Prosjektet som er retta inn mot geitehaldet og omfattar dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, vart først forlenga med eit halvt år, finansiert av Tine, dvs fram til 1. juli 2010 seinare vart prosjektet forlenga fram til april 2014, men med endra finansiering.

Bygningar til geit: Storsatsinga på fornying av driftsbygningar har halde fram også i 2011.

Sjukdomssanering: Ei viktig målsetjing då Geit i Vekst starta, var å oppnå ein frisk geitepopulasjon i regionen. Det har skjedd ei merkbar haldningsendring til sanering.

Prosjektleiari vil rose geitehaldarane for eit svært godt samarbeid om saneringa og for at vi no har 100 % tilslutning i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane og berre tre bruk som manglar på full tilslutning i Hordaland.

No var vi over ein time på overtid og mange måtte forlate årsmøtet for å rekke heim. Klokka var no 15.45.

Innkommne saker frå lokallaga og jordbrukstingingane.

*Innspel om å gjeninnføre grunntilskot på villsaulam frå 9kg. Godt formulert innspel som årsmøtedelegatane vidaresendte til forhandlingspartane.

*Diskusjon vedr. Villsaulam – overføringsprosjekt i gang med slakting ved 1,5år

*Innspel frå Valldal og Fjørå sau og Geit:

1. Eit tillegg på 5 kr. pr kg bør vere realistisk i år, og det vil uansett vere viktig at ein greier å ta ut prisen i markedet.
2. Tilskotet til beitebruk bør aukast – og særleg bør tilskotet til utmarksbeite prioriterast.
3. Det må verte produksjonstillegg på alle ”avlssdyr” – dvs. årslam som vert sett inn i produksjonen må få husdyrtilskot på lik linje med ”gamlesauene”.
Det bør gjevast max tilskot inntil 100 vf sau, og deretter ei gradvis avtrapping med mindre intervall enn i dag.
Dette bør sikrast ved tilførsel av ”nye, friske” midlar, og ikkje ei omprioritering innanfor dagens rammer.
Det er viktig at tilskota stimulerer til auka produksjon, og produksjon av god kvalitet – ein auke i slaktetilskotet pr. lam bør vurderast.
4. Produksjonstilskot på grovfor og kulturlandskapstilskotet må berre gjevast til brukarar som driv produksjon og aktiv beiting på arealet, dvs. ikkje tilskot til passiv ”beitepussing”.

Innspelet vert vidare sendt til forhandlingspartane.

Kommentar frå salen: næringa må slutte med overføring av vaksen sau, må få tilskot på produserande dyr.

*Elles har vi fått spørsmål vedrørende høyringnotat frå Direktoratet for naturforvaltning som har foreslått å setje tidlegare start på hjortejakta.
Saka vert sjekka ut av fylkesstyret.

*Jan Ove Stene informerte om kvifor 5-sifra øyremærke for småfe, etter spørsmål som var innkome frå Eystein Oppdøl.

Det vart også i år knapt med tid: Forslag om å ikkje gå så detaljert gjennom årsmeldinga, mykje kan ein lese på førehand og ta opp evt. spørsmål i møtet.

Møtet slutt kl 16.30

Synnøve Kjellstad (s)

Johan Bernt Øvrebust (s)

Johannes Valsø (s)

Leiaren sine ytringar:

2011 er passert. Dette året fekk vi Stortingsmelding nr 9, den såkalla landbruksmeldinga. NSG har vore i møte med Stortingets næringskomitè og lagt fram laget sitt innspel til landbruksmeldinga. Der med ca 15500 produsentarar. Vi er den største husdyrgruppa og den produksjonen som har størst innverknad på busetjing og trivsel i distrikta. Vi bur og driv produksjon på stader der ingen skulle tru at nokon kunne bu!

Kvar vår slepp vi 2 millionar gartnarar ut i det norske landskapet. Utan denne innsatsen ville vi hatt eit landskap av kratt og skog. Det er særst viktig at denne funksjonen er med inn i framtida. Norske landskap treng småfeet og det er heilt naudsynt for reiseliv, turisme og trivsel for eigne innbyggjarar. For å kunna yta denne tenesta til samfunnet er det viktig at vi har ein variert bruksstruktur. Den særdeles ulike topografien i Noreg fordrar at både små og store produsentar har gode driftstilhøve.

Meldinga tek høgde for ei auke av matproduksjonen i Noreg, til ei viss grad basert i hovudsak på eigne ressursar. Vi kan ikkje bruka importert korn i den grad som vi gjer no. Det er total mangel på etikk og menneskekjærleik å ta maten frå ei sveltande befolkning i u-landa. Det er difor naudsynt å styrkja norsk kornproduksjon slik at vi i størst mogeleg grad aukar vår sjølvforsyning av korn til både menneske og dyr. Det er eit paradoks at Noreg ikkje har kriselager av korn. Våre naboland har lager som dekkjer forbruket i både eit og to år. Låg pris på kraftfôret fører til at vi heller ikkje fullt ut nyttar vårt produksjonspotensiale for grovfôr. Det er enklare og billigare å nytta kraftfôr framom grovfôr, og denne utviklinga må snus.

For å få eit meir robust og miljøvenleg landbruk må vi innretta oss slik at bruk av grovfôr og beite vert stimulert framfor dei kraftfôrbaserte produksjonane. Vi meiner at det ligg klart i meldinga at produksjonen og dermed sjølvforsyninga kan aukast utan at det er basert på importert kraftfôr.

Tilskotta til utmarksbeite må aukast mykje for å få maksimal nytte av utmarka. Ein kan heller ikkje tolerera at ein stadig større del av utmarka skal vera tilhaldsplass for rovvilt. Produksjon av mat må ha høgare prioritet enn stadig fleire og fleire rovdyr og -fuglar.

Vi er glade for stortingsforliket om rovvilt, og at dette er tatt inn i meldinga. Diverre ser vi allereie nå at forvaltninga praktiserar stortingsforliket på ein slik måte at det er like vanskeleg som før for beitehaldarane.

Hyttebygging kan også vera eit problem for effektiv utmarksbruk, det er viktig at kommunane innarbeider beitebruksplanar i kommuneplanen for å unngå konflikhtar. Beitebruk er heilt naudsynt for eit rikt biologisk mangfald. Over 40 planter på Raudlista er i ferd med å døy ut på grunn av for lågt beitetrykk. Norsk Sau og Geit meiner at rovvilt ikkje må prioriterast framfor desse.

For å auke matproduksjonen i Noreg er det viktig å få betre forståing for jordvern og nytten av å auka omfanget av den dyrka jorda gjennom meir nydyrking og grøfting.

Vi har eit lågt forbruk av både geitost og lammekjøtt her i landet. Forbruket av lam er berre på 6 kg pr. innbyggjar, så her er ei stor utfordring for marknadsaktørane i å auke forbruket. Å auke produksjonen skal vi nok klare, men det krev at produkta våre vert omsette. Det er også mogeleg å eksportera både ost og lammekjøtt til fornuftige prisar. Likevel er vi avhengige av eit sterkt grensevern mot lågprislanda.

Vi saknar at meldinga tek opp kva ny teknologi og ynskje om inntekt vil ha og seie for strukturar og rekruttering. Det må også leggjast til rette for dei som vil ha småfehold som hovudnæring. Det må gjerast innbydande å overta gardsbruk også når det gjeld inntekt og investeringsmoglegheiter. Småfebonden skal kunna ha ein livsstil som tilnærma resten av befolkninga.

Det er positivt at regjeringa i meldinga legg opp til å sikre rekrutteringa til næringa med godt tilrettelagde tilbod på utdanning. Dette er det særst viktig at vert følgt opp vidare. Utdanning innan naturbruk må gjevast status og ikkje framstå som utdanning til eit mindreverdige yrke. Dette var ein del av det som NSG sende over til Stortingets næringskomitè.

I 2011 vart det bestemt at MRSG skulle disponere og leige ut radiobjøllene til lokallaga. Totalt hadde vi 1200 bjøller å fordele. Vi har motteke mange positive tilbakemeldingar og vil i 2012 auke talet bjøller.

Så er geitehøgskulen komen i gang med fleire studentar frå vårt fylke. Dette er eit nettbasert studie fordelt på fagområda mjølking og mjølke kvalitet, avl, fôr og fôr kvalitet, bygningar, helse, økonomi og leing. Dette vil til saman gi 20 studiepoeng. Målgruppa er etablerte og nye geitebønder.

2011 var også det året vi bestemte at vi ikkje skulle ha leiarmøte på hausten. Dei siste åra har det vore ferre og ferre som har meldt seg på. Dette året vil vi prøve å få til ei samling igjen, for å sjå om interessa er der blant medlemmane.

I 2011 fekk vi besøk av NSG sin sommarpatrulje. Dei var innom Smøla, besøkte Atle Arnesen og dei kom til Kilsti og besøkte meg og min familie. Anne-Cath lagde då mellom anna eit intervju med meg som leiar i MRSG. Retten til å uttale seg og ha sine egne meiningar må alle få lov og ha. Det betyr ikkje at ein ikkje jobbar for saka. Dette har eg fått erfare etter at dette intervjuet sto i julenummeret til Sau og Geit. Viss vi ikkje tørr og ta opp ting som vi meiner er viktige for medlemmane, so gjer vi ikkje jobben vår som valde representantar i eit fylkestyre. Vi er nød til å speile medlemsmassen vår på ein so god måte som vi klarer. Eg var klar over at artikkelen kom til å støyte enkelte, og eg greier godt å forstå kor vondt det er å miste dyr, ikkje minst å tenkje på lidingane dei må gå igjennom.

Då eg fekk artikkelen på mail for gjennomlesing, vart eg advart av Leidulf. Han meinte at eg skulle trekke den, noko eg valde å ikkje gjere. Så får det vere opp til den enkelte å tenke at ho må vere enten dum eller tøff, som tørr å ha ei slik overskrift i fagbladet.

Det er også store lidningar som blir påført dyra gjennom alveld og flått. Derfor er det viktig at vi jobbar vidare med desse oppgåvene ilag med mange andre. Det er opp til medlemmane å kome med innspel og tips på kva dei vil vi skal jobbe med. Derfor har vi som er innvalde i fylkestyret, fordelt oppgåver mellom oss, der det også blir arbeidd godt opp mot rovvilt. Vi har alltid vore representert med minst eit styremedlem på møter der rovdyr har vore tema. Den måten som vi har fordelt oppgåvene mellom oss på, synest vi har fungert bra. Om medlemmane rundt om i fylket i misnøgde med den fordelinga, så er det deira oppgåve å kome med tilbakemeldingar om det.

Vi som set i fylkestyret gjer oppgåvene vi er pålagt på fritida vår. Dette blir vanskelegare for kvart år som går. Fritid er det som vi har minst av og vernar om. Det er ikkje slik som i tidligare tider at det var ”stas” å sete som leiar og i styrer rundt omkring. I dag vegrar dei fleste seg for å bruke tida på styreverv. Vi vil heller bruke tida på familie osv.

Ein annan ting er at vi blir færre og færre for kvart år, og ikkje er det så mange ungdommar som kjem inn i medlemsmassen vår heller. Dette kan gjere at vi misser miljøet og ikkje har så mange arenaer der vi kan møtast. Vi har fleire lokallag som ikkje fungerer lengre, der det ikkje har vorte gjennomført årsmøter på fleire år, dette er noko som vi må ta tak i dette året. Det set nokre medlemmar rundt om som betalar kontingenten sin på lik linje med oss andre og som ikkje får noko igjen. Då er det vår plikt å ta tak i laget og enten få det opp å gå igjen, eller å slå saman fleire lokallag. Kva er det som gjer at fleire sluttar? Dette er eit spørsmål vi som bønder får. Mange sluttar pga alder, men det er også fleire unge som vel å legge ned gardsdrifta. Økonomien er vel kanskje det som gjer at det ikkje er så fristande for ein ungdom å begynne som bonde. I løpet av dei siste 10 åra er medlemstalet gått ned frå 1211 til 764. Dette er ein trend over heile landet, og dei bruka som består, blir større.

Sjølv om dette er trenden innanfor landbruket, så er vi mange igjen og stadig dukkar det opp nye ”fjes” på fylkesårsmøta. Då er det viktig at vi som har vore med i mange år tek vare på dei nye slik at dei finn seg til rette.

Eg er ikkje nokon pessimist for framtida! Jobbar vi i lag, så vil vi få til mykje. Det er samhaldet og mangfaldet som er viktig. Klarar vi å holde på dette, så er vi komen langt. Husk at det er vi bønder som skal skaffe mat til dei 5 millionane som bur i landet!

Til slutt vil eg dele ei historie med dokke.

I utmarka fremst i dalen på Vartdal finn vi ein idyllisk ”kopp” i fjellet som vert kalla ”Gopen”. Idyllen vert ikkje ringare av at der i denne koppen ligg ei lita fin tjønn. Ypparleg som badeplass for sveitte fjellvandrarar. Denne fine plassen vart etter kvart mykje besøkt. Den var eit ynda mål for familieturar på søndagar. Her var lett tilkomst, her kunne ein ordne seg mat, og her var som sagt ein fin badeplass. Blekkboksar, eingongsgrillar, flasker og anna rask var til slutt i ferd med å øydelegge idyllen.

På denne tida var der ei sprek og spenstig dame i sine beste år, frå Ålesund, som nytta marka her som turområde. Ho likte seg tydelegvis godt, for ho kom att så ofte ho kunne. Ein fineversdag kom ho fram til Gopetjønna. Sola steikte og den blanke vasspegelen lokka innbydande. Resolutt kledde ho av seg kvar ein tråd, og vassa uti. Vi skynar dette var ein herleg opplevelse, og tida gjekk nok mykje fortare enn ho beregna.

Då ho omsider såg opp og skulle vasse i land, fekk ho sjå han Leif som var komen til. Han sat ganske roleg på ei tue og betrakta det lifflige synet. Og ikkje viste han tegn til å snu ryggen til å trekke undan heller. Men på land måtte ho, så her var det berre å la det stå til.

Ho vassa til lands og treiv seg eit gammalt vaskarfat som låg i graset. Dette heldt ho framfor seg, og med den andre handa på tvers over brystet dekte ho seg så godt som mogleg. Men han Leif han sat. Her fekk augo gjera seg gjestebod!

Då rann nok harmen i by-dama. Ho slepte med handa over brystet, peika rett på han Leif og sa med tyngde på kvart ord: ” Vet Di hva jeg tror ?” ” N jaa”, sa han Leif, ”du trur der er botn i vaskarfatet!”

Lykke til med 2012 sesongen.

Varme helsingar frå

Inger-Johanne Tafjord



ORGANISERT BEITEBRUK/ RMP, Tilskot til beitelag

% lammetap fordelt på fylke 2011 (organisert beitebruk)

